

Aust-Telemark vassområde

Saksutgreiing til arbeidsgruppemøte og styringsgruppemøte 07.05.2014 (saksnr.viser både til arbeidsgr. og styringsgr. si sakisliste)

Sak 10.03/08.04. Vidareføring av arbeidet i vassområdet frå 2016

Vidare organisering av arbeidet i vassområda er handsama i fylka i Vest- Viken på bakgrunn av vedtak i styringsgruppa i Vest- Viken vannregion 01.10.2013 (sak 5/13), der VRM og fylkeskommunane vart bedd om “å få på plass gode, robuste og varige vannområdeorganisasjoner”.

Følgjande vedtak vart gjort i Telemark fylkesutvalg 25.02.2014, sak 23/14:

1	Fylkesutvalet ser behov for å drøfta modellar for organisering og finansiering av arbeidet med vassforvaltning i planperiodane 2016-2021, 2022-2027, 2028-2033 jamfør intensjonar som går fram av vedtak i styringsgruppa i Vest-Viken vassregion den 01.10.2013.
2	Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen fremme eigen sak om dette i 2015.
3	Fram til vidareføringa av organisering og finansiering vert avklara, meiner fylkesutvalet at organisering og aktivitetar som i dag vert utført i vassområda bør prolongeras i nødvendig omfang fram til endeleg godkjenning av regional vassforvaltingsplan ved. Kgl. Res. i desember 2015.

Vassområdet vedtok i møte 06.03.2014 (sak 06.04) å tilrå kommunane om å vidareføre prosjektarbeidet i 2015, og at det blir fremja ny sak i kommunane i 2015 om ei meir varig organisering av arbeidet for perioden 2016-2021. Vinje og Tinn kommunar vedtok å vidareføre prosjektet i 2015, og å fremje sak om varig organisering frå 2016. Notodden kommune vedtok å trekkje seg ut av arbeidet i Aust-Telemark vassområde frå 2015.

Vidare organisering av vassforvaltningsarbeidet på regionalt nivå/ vassområdenivå var eit av punkta i høyringa av regional plan som VRM spesielt bad om synspunkt og innspel på.

Vassområdet gav følgjande uttale til dette spørsmålet:

“Arbeidet med gjennomføring av tiltak frå 2016 blir utfordrande, og det vil bli viktig med god samhandling og koordinering både lokalt og regionalt mot sektormyndigheitene. Vassområdet meiner at det bør koma på plass ei varig organisering etter modell frå dagens prosjektorganisering i arbeidet med gjennomføring av tiltak og rullering av forvaltningsplanen, d.v.s. ein modell som byggjer på partnerskap mellom kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og regionale sektormyndigheiter. Organisasjonen må ha eit tydeleg mandat.

Politisk styringsgruppe er eit viktig bindeledd mellom vassforvaltningsarbeidet og resten av det politiske miljøet i kommunane, og har ein viktig funksjon for å oppnå god lokal forankring av vassforvaltningsarbeidet.

Grunneigarar og brukarinteresser bør involverast meir direkte i vassforvaltningsarbeidet. Dette kan ein t.d. oppnå ved at dei blir invitert til møte i arbeidsgruppa og styringsgruppa ved handsaming av relevante saker”.

Kommunane i vassområdet hadde om lag likelydande synspunkt i sine fråsegner.

Administrasjonane i dei fire «hovedfylka» i Vest- Viken vassregion (Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark) har i 2015 drøfta saka om vidare organisering, og arbeider for å få fremja sak for fylkesutvala før sommarferien. Politisk leiing i vassregionen har teke opp vassforvaltningsarbeidet i møte med KS. Nasjonalt blir vidare organisering drøfta i direktoratsgruppa og i vassregion-nettverket.

Til orientering handsama styringsgruppa i Midtre Telemark VO vidare organisering i møte 19.mars, og gav følgjande innspel (oppsummert) til Telemark fylkesutvalg:

- Før «ny» organisering er vedtatt i kommunene, bør prosjektene forlenges inntil slike vedtak er fattet,- og seinest ved oppstart av neste planperiode.
- Hele Telemarksvassdraget bør vurderes som ett vannområde.
- Både rolle- og ansvarsavklaring, geografi, organisering og finansiering bør avklares før vannforvaltningsplanen skal rulleres (Estimert til å starte i 2017).

Noe av begrunnelsen til styringsgruppa var bla. følgende:

- Statlig evaluering skjer høst 2015/vår 2016- en bør vite mer om statens ambisjoner og opplegg for framtida før en vedtar noe regionalt (Vest- Viken)
- Organisering / arbeidsoppgaver bør være fundert på noenlunde samme prinsipp i landet, slik at ikke hver vannregion har sitt system.
- U hensiktsmessig å vedta varig organisering for vannforvaltninga før kommunereformen er på plass.
- Faste og forpliktende samarbeid lokalt bør fortrinnsvis være gjennom IKS (etter kommunelovens §27 eller §28).

Sak 10.04/ 08.05: Forslag til regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016-2021. Orientering om høyringsrapporten etter 1.gongs høyring. 2.gongs høyring av forslag til forvaltningsplan og tiltaksprogram.

Vassregionmyndigheita (VRM) har utarbeidd høyringsrapport etter høyring av forslag til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021. Det kom inn 117 høyringsfråsegner. Høyringsrapporten oppsummerer høyringssvara på eit tematisk overordna nivå.

Før utarbeiding av høyringsrapport, gjennomførte VRM fylkesvise møte med vassområda, fylkeskommunen, Fylkesmannen og sektormyndigheiter for gjennomgang av høyringssvara, samt at høyringa vart drøfta på eit overordna nivå i arbeidsutvalet i vassregionen 30.januar. Synspunkt frå arbeidsutvalet er innarbeidd i høyringsrapporten med følgjande konklusjonar:

- “Vannregionens regionale prioritering av konsesjoner i regulerte vassdrag bearbeides vidare jfr. NVEs høringsuttalelse om at regional prioritering skal begrunnes der det ikke er gjort
- Samfunnsøkonomiske vurderinger gjennomgås og om nødvendig suppleres basert på de lokale tiltaksanalysene jfr. Miljødirektoratets høringsuttalelse

Politisk styringsgruppe i vassregionen handsama høyringsrapporten i møte 11. februar.

Styringsgruppa anbefaler ei 2. gongs høyring av planforslaget med hovudvekt på høyring av:

- Miljømål for alle vassforekomstar, herunder konkretiserte miljømål for vassforekomstar som er regulert til vasskraft (SMVF)
- Regional prioritering av vassdragskonsesjonar som kan reviderast, herunder prioritering av konsesjonsfrie reguleringar til innkalling/ omgjerjing
- Forbetra framstilling av kost/ nytte.

Perioden for 2. gongs høyring vil bli åtte veker, frå ca 19. mai til 14. juli (det er enda ikkje fatta formelt vedtak om gjennomføring av 2. gongs høyring i dei åtte fylkesutvala).

Vassområda i samarbeid med FM og NVE har i tida etter 1. gongs høyring konkretisert miljømål for sterkt modifiserte vassforekomstar (SMVF). Vidare har VRM etter innspel frå vassområda, FM og NVE sett opp eit forslag til regional prioritering av vassdragskonsesjonar som kan reviderast / konsesjonsfrie reguleringar til omgjerjing eller innkalling, etter same metode som nasjonal gjennomgang og prioritering i NVE-rapport 49: 2013.

Arbeidet med kost/nytte blir utført av eksternt konsulentfirma.

Dei fleste vassregionane vil gjennomføre ei 2. gongs høyring. I samband med høyring og ferdigstilling av planene har Miljødirektoratet sendt ut ei presisering (16.04.2015) om detaljeringsgrad av tiltak og kostnader i regionale vassforvaltningsplaner og tiltaksprogram, samt status til dokumenta etter vedtak :

- Vassforvaltningsplanen er overordna regionale planer, og ikkje enkeltsakshandsaming av tiltak
- Tiltaksprogrammet skal innehalde forslag til tiltakstype, og ikkje ha eit detaljeringsnivå som føregrip påfølgjande sakshandsaming av sektormyndigheitene.
- Tiltaksprogrammet skal berre ha eit overslag av kostnader
- Godkjente forvaltningsplaner skal leggast til grunn for arbeidet til sektormyndigheitene, medan vedtak om gjennomføring av enkelttiltak blir gjort av ansvarleg myndigheit etter relevante lover og forskrifter.
- Dersom forvaltningsplanen ikkje blir følgd, må dette begrunnast ved rullering av planen.

Frist for oversending av vedteken plan frå VRM til sentral godkjenning er opprinneleg 1. juli. Med 2. gongs høyring har Klima- og miljødepartementet (KLD) opna for oversending etter 1. juli. Det blir forutsett tett dialog med Miljødirektoratet fram til vedtak av planen i fylkesutval/fylkesting (nov/des), slik at planen kan leggast fram til sentral godkjenning innan utgangen av 2015 som opprinneleg planlagt.

